



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
13.08.2014
Dykkar dato
04.07.2014

Vår referanse
2014/8814 635
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøy vegen 1690
5936 Manger

Vedtak i klagesak om skoleskyss - Manger skole

Fylkesmannen har 8. juli 2014 fått oversendt frå Radøy kommune klage på vedtak om skoleskyss for Magnus Osa Dalland 2. årstrinn.

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak i grunnskolen.

Vedtak:

Fylkesmannen i Hordaland endrar Radøy kommunen sitt vedtak av 4. juli 2014.

Nytt vedtak skal lyde slik:

Magnus Osa Dalland vert gitt fri skyss, jf. opplæringslova § 7-1.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på.

Bakgrunn for saka

Det er søkt om fri skoleskyss for Magnus Osa Dalland 2.årstrinn skoleåret 2014/15.
Det er klaga på vedtaket.

Om lovgrunnlaget

I Opplæringslova § 7-1 første ledd heiter det:

”Elevar i 2.-10. klasse som bur meir enn fire kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss. For elevar i 1.klasse/førskole er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skoleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

Kort om saksbehandlinga

Det er varsla om og framsett klage innanfor klagefristen.

Klagar hevder mellom anna

- skolevegen er ein smal 1–1,5 felts veg utan fortau og vegskulder
- vegdekke er i dårleg forfatning noko som fører til at bilane sporar
- vegen er svært lite belyst, det er berre veglys på busstoppa, og ei strekning på 1,8 km av denne strekninga har 80 sone neste heile strekninga
- vegen har tidvis stor trafikk, med aukande tungtransport grunna lokale bedrifter

Kommunen hevder mellom anna

- vegen er hovudsak smal og vegskulder er for det meste smal
- fartsgrensa er 50 km/t for ein del av vegen, men er 80 km/t langs delar av Radøyvegen/ Helldalsvegen i alt om lag 1,5 km
- vegdekket er i dårleg stand og fotgjengarovergang finst ikkje
- vegen har standard landeveg med uoversiktlege parti

Fylkesmannen si vurdering

Spørsmålet i denne saka blir då om vegen mellom heim og skule er og rekna som ”særleg farleg eller vanskeleg” for denne eleven. Det er risiko knytt til all ferdsel i trafikken. Stortinget har ikkje gitt fri skuleskyss til alle elevar. Utfordringa ligg i formuleringa i lova om at skulevegen skal vera *særleg farleg eller vanskeleg*. Ei vegstrekke som kan klassifiserast som særleg farleg eller vanskeleg, må klårt skilja seg ut i høve til den generelle vegstandarden. Det er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg at det fører med seg ein fare å trafikker veggstrekkeja.

Fylkesmannen har vurdert alle saksdokumenta som er mottatt. Hordaland Fylkeskommune sitt oppmålingsverktøy måler skulevegen til 3,795 kilometer. Det er ikkje langt nok til å innvilga eleven rett til fri skuleskyss etter reglane om avstand.

Kommunen meiner avgjerdsla her ikkje er opplagt, og skriv at det meste av vegnettet på Radøy har ein slik karakter at fotgjengar opplever det som farleg. Søknaden her gjeld ein elev som skal gå i 2. årstrinn og som ikkje har opparbeidd seg den kompetanse som trengs for å kunna ferdas så trygt som mogleg i på ein skuleveg som er smal og uoversiktleg og kor delar av vegen har 80-sone.

Fylkesmannen meiner det spesielle her er at delar av vegen har høg fartsgrense, og vegen er smal og uoversiktleg utan vegskulder.

Fylkesmannen har etter dette kome til at skulevegen for denne eleven, må reknast som særleg farleg heile året. Fylkesmannen har difor gitt klagen medhald.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Stine O Karsen og Ole Magnus Dalland Dalland 40 5936 MANGER